



Thomas Borsholm
Øvsttunvegen 24 B
5223 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7029 - 19/26755

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
06.09.2019

Godkjenning av tiltakshavar som sjølvbygger for SØK funksjonen - gbnr 214/94 Fyllingsnes

Administrativt vedtak: Saknr: 500/19
Tiltakshavar: Thomas Borsholm
Ansvarleg søkjar: Ingeniør Aarland AS
Søknadstype: Søknad om ending av løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) §§
20-1 og 20-3/20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om ansvar som sjølvbygger for SØK funksjonen i tiltaket etter at føretak Ingeniør Aarland AS har meldt opphøyr av ansvar.

Det vert elles vist til søknad mottatt 13.06.19.

Vi seier oss leie for sein attendemelding, konsekvens for kommunen si fristoverskriding er gebyrreduksjon jf. byggesaksforskrifta § 7-6.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Opphavelag ansvaleg søkjar i saka, Ingeniør Aarland AS, org.nr.: 979971044 har i skriv datert 26.08.18 meldt om opphøyr av ansvar i saka.

Heimelshavar og tiltakshavar har i søknad motteke 13.06.19 søkt om ansvar som sjølvbygger for SØK-funksjonen i tiltaket etter SAK § 6-8 av eigen fritidsbustad.

Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-8 jf. forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8 gjev kommunen godkjenning på søknad om ansvarsrett som sjølvbygger for Thomas Borsholm for SØK-funksjon i tiltaket.

Til orientering

Vi viser til løyve til igangsetting gjeve 10.11.17, arbeid knytt til igangsettingsløyvet må vere sett i gang innan 10.11.19, ellers går løyvet ut og ein vil måtte søkje på nytt for heile tiltaket.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 14/7029.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ingeniør Aarland AS
Thomas Borsholm

Eidsvågbakken 1 5105
Øvsttunvegen 24 B 5223

EIDSVÅG I ÅSANE
NESTTUN

Mottakarar:

Thomas Borsholm

Øvsttunvegen 24 B 5223

NESTTUN